

ÅRSPLAN SFO VÅGÅMO SKULE 2025/2026



Innholdsliste

Innholdsliste	2
Forskrift om skulefritidsordninga ved Vågåmo skule.....	3
Tilbod skuleåret 2025/2026	5
Melde inn behov for SFO.....	5
Forskrift om rammeplan for SFO	5
Innhald i SFO:.....	6
Dette kan foreldre forvente av vaksne i SFO.....	6
Dette forventar vi av foreldre	6
Tilsette 2025/2026	7
Rutinar og reglar.....	7
Tema gjennom året på SFO.	8
Kontaktinformasjon.....	9

Forskrift om skulefritidsordninga ved Vågåmo skule

1. Heimel

Fastsett av kommunestyret i Vågå **28.11.2024** med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5 femte ledd.

2. Eigarforhold

Skulefritidsordninga er eigd av Vågå kommune og HOKO er ansvarleg styringsorgan.

3. Opptaksmynde

Rektor ved Vågåmo skule har leiaransvar og opptaksmynde.

4. Opptaksperiode, oppseiing og endring

- Hovudopptaket blir gjennomført med søknadsfrist 1. mai kvart år. Søknad om opptak skjer via [foresattportalen](#) i Visma. Inntak kan skje elles i året, viss det er plass og dei økonomiske rammene tiler det.
- Eleven har SFO-plass til den vert oppsagt gjennom e-post/telefon til skulen eller via foresattportalen.
- Fram til 1. mai er det høve til å seie opp SFO-plassen. Oppseiinga er ein månad rekna frå den fyrste heile månad. Det same gjeld ved endringar. Oppseiinga skal vere skriftleg via e-post, foresattportalen eller via telefon til skulen.

5. Foreldrebetaling

- Kommunestyret fastset betalingssatsane i samband med budsjetthandsaminga kvart år.
- Frå 1. august 2024 er det fritak for foreldrebetaling for 12 timar SFO per veke for elevar i 1., 2. og 3. trinn, jf Opplæringsforskrifta § 2-2.
- Foreldrebetalinga blir innkravd kvar månad i samsvar med den tida eleven er påmeldt.
- Ved utrekning av timar blir det fakturert etter heile opningstida etter skuletid. Ved heildag onsdagar tel ein minimum kjernetida mellom 08.30.13.30. Timar over dette blir lagt til.
- Betaling for tilbod elevfrie dagar/skuleferiar ligg ikkje inne i den ordinære betalinga. Ved skuleferiar må ein betale dagsats/vekesats for dei dagane ein har behov og påmeldinga er bindande. Påmeldte dagar som ikkje blir nytta vil bli fakturert.
- Familiar med fleire enn eitt barn på SFO får syskenmoderasjon på 50% frå og med barn nummer to.
- Elevar på 5. til 7. trinn med særskilde behov skal få tilbod om gratis skulefritidsordning, jf. Opplæringsforskrifta § 2-3.
- Etter opplæringsforskrifta § 2-4 skal kommunen redusere foreldrebetalinga for skulefritidsordninga på grunn av låg inntekt.

- Vågå kommune har rett til å gje føresette gebyr, viss eleven blir henta etter stengetid, jf. Vågå kommune sitt gebyrreglement.
 - Manglande foreldrebetaling i 2 månader vil kunne føre til at eleven mister plassen.
6. Leike- og opphaldsareal
- Skulefritidsordninga ved Vågåmo skule held til i den nørdrre delen av skulebygningen, og dei har tilgang på heile utearealet til Vågåmo skule. Etter avtale med rektor kan dei nytte uteareal utanom skulen, t.d. Dompe, Vanglandet og liknande.
7. Dagleg opphaldstid og årleg opningstid
- I tillegg til ordinære skuledagar kan SFO halde ope på planleggingsdagar, i haustferien, i vinterferien, to veker før skulestart og to veker etter skuleslutt, viss søkjartalet er seks eller fleire. Søknad til feriar skal skje på eige skjema som blir publisert i appen Visma Min Skole.
 - SFO er stengt i jule- og påskeferie jf. skuleruta.
 - Opningstida er 13.40-16.30 mån-tys-tors-fre, og 07.30-16.30 kvar onsdag.
 - SFO har inntil to planleggingsdagar i året der SFO er stengt.
8. Personale og leiging
- Rektor ved Vågåmo skule har det administrative og faglege ansvaret. Rektor kan delegere oppgåver til ein som får ansvar for den daglege drifta av skulefritidsordninga. Dette fylgjer av forskrift om rammeplan for skulefritidsordninga § 1.

Bemanninga i SFO skal som norm vere 15 barn pr. vaksen. Barn med særskilde behov *kan* utløyse ekstra bemanning.

9. Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft frå **12.12.2024**. Samstundes vert kommunal vedtekt for SFO av 01.06.2021 oppheva.

Tilbod skuleåret 2025/2026

Ein ettermiddag er rekna som 2,83 t uansett om barnet er på SFO 1 time eller til stengetid.

- Alle elevar i 1.-3.steg har gratis inntil 12 t/v.
- Over 12 t/v for 1.-3.steg kostar 970,- pr mnd.
- Elevar på 4.steg har tilbod om inntil 15 t/v som kostar 1620,- pr. mnd.

Prisane blir justert kvart år. Følg med på heimesida for oppdaterte tal.

Melde inn behov for SFO

Behov for SFO gjennom skuleåret skal meldast inn via Foresattportalen på Visma Flyt Skole.

Adressa her er <https://foresatt.visma.no/vaga>

Påmelding til feriar vil skje via skjema som blir publisert i appen for 1.-4.steg.

Forskrift om rammeplan for SFO

SFO skal legge til rette for lek, kultur- og fritidsaktiviteter med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn.

Dette betyr at i SFO-tida skal det ikkje vere noko stramme, planlagte aktivitetar som elevane skal gjere. Her skal vi legge til rette for at dei kan velje mellom ulike aktivitetar dei har lyst til å drive med. Vi har eit fint uteområde på skulen som vi nyttar, samt mange fine turalternativ i nærmiljøet. Onsdagane vil vi vere mykje på tur, men det blir òg onsdagar der vi er på skulen og har andre aktivitetar. Elles om ettermiddagane vil vi halde oss på skuleområde, samt at vi har høve til å nytte hallen ein gong i veka.

Opplæringslova kapittel 12 om elevane sitt skulemiljø gjeld òg for SFO. Kapittel 12 handlar om retten til eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø i SFO og plasserer ansvaret for barna sin trygghet hjå dei vaksne. Personalet i SFO er òg omfatta av meldeplikta til barnevernet, jf. barnevernlova §6-4.

Rammeplanen presiserer og utdjuar verdigrunnlaget for SFO. Verdigrunnlaget for SFO byggjer på dei grunnleggjande verdiane som òg gjeld for barnehage og grunnopplæring. Noreg har slutta seg til internasjonale konvensjonar, slik som FN's konvensjon om barnets rettigheter.

Barndommen har sin eigenverdi (2.2 i Rammeplan), og SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, ivareta barnas behov for omsorg og tilsyn, samstundes som det blir gjeve rike høve for meningsfull fritid og lek. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald lek og tilrettelagte aktivitetar, og gje rom for rekreasjon og kvile. Barnets beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn. SFO skal bidra til barnas meistring og oppleving av eigenverd.

Kva betyr dette for SFO ved Vågåmo skule?

Vi skal gje barna rom for å velja aktivitetar, samstundes som vi skal legge til rette for nye oppdagingar. Vi skal ta dei med ut på turar i nærmiljøet og aktivitetar utanfor skuleområdet slik at dei kan få eit eigarskap til eiga bygd, i tillegg til at dei skal oppleve ro og kvile etter ein lang skuledag ved å ha fleire aktivitetar å velja mellom på SFO- og skuleområdet. Vi legg vekt på lokale tradisjonar i aktivitetane våre.

Innhald i SFO:

SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulike alder og med ulike funksjonsnivå. SFO skal, gjennom innhald og arbeidsmåtar, leggje til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medverke i SFO.

SFO skal ha eit helsefremjande innhald. Dette krev òg eit areal som både passar barnegruppa sin alder og føresetnader. SFO bør leggje til grunn for aktivitetar både inne og ute. SFO skal bidra til barn si psykiske helse gjennom å støtte opplevingar av livsglede, meistring og eigenverd og deira utvikling av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet. Innhaldet i SFO skal støtte opp under at alle barn har moglegheit til å utvikle venskap.

- **Leik**
Skal ha ein stor plass i SFO og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få høve til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring.
Dei vaksne på SFO skal jamleg reflektere over kva er leik og korleis er vi vaksne i leiken.
- **Kultur**
Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal legge til rette for at barna skal få delta i ulike kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og annan skapande verksemd.
- **Fysisk aktivitet og glede over rørsle**
SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje barnas glede over rørsle og motorisk utvikling. SFO skal legge til rette for at alle barn får delta i variert rørsleleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst.
- **Mat og måltidsglede**
SFO skal legge til rette for daglege måltid som gjev barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle, og gode helsevanar. Barna skal få tilstrekkeleg ro til å ete i løpet av tida dei er på SFO.
Dei vaksne skal delta i måltidet og legge til rette for gode rammer.

De kan lese meir om rammeplanen til SFO på

<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

Dette kan foreldre forvente av vaksne i SFO

- At vi har barnets behov i fokus.
- At vi legg til rette for gode opplevingar på SFO.
- At vi ser alle barna, høyrer på dei og tek dei på alvor.
- At vi tek kontakt dersom det oppstår noko og at vi informerer ved henting dersom ting har skjedd.
- At vi har gode rutinar for overgangar i SFO.

Dette forventar vi av foreldre

- At de sendar med barnet ekstra skift og mat til SFO.
- At de varslar oss på SFO dersom det er spesielle omsyn vi må ta.
- At de held oss oppdaterte dersom rutinane kring henting blir endra.
- At de følgjer opp SFO-tilbodet de har via Visma Flyt Skole
(<https://foresatt.visma.no/vaga>)

- At de tek kontakt med ein i personalet når de hentar barnet på SFO slik at vi veit at barnet er henta i tillegg til at de ringer rundt barnet på lista i gangen.
- At de varslar frå dersom andre enn foreldre skal hente barnet på SFO.
- At de følgjer med på informasjon som kjem ut frå SFO; i appen Min Skole, plan for onsdagane som blir sendt heim kvar månad og eventuelle oppslag i gangen ved SFO.

Tilsette 2025/2026

Dagleg leiar:

Anne Djupdalen og Ragnhild Stadeløkken

Tilsette SFO:

Anne Randi Moen

Marit Myrhaug

Liv Berit Brennsletten

Giday Yoseph

Cecilie Tronsgård Selmo

Rune Mikal Hosar (vikar for Mona Grevrusten til jul 2025)

Ingvill Borgen

Tone Yvonne Bergli

Oline Sagdalen, lærling

Anita Hølmo, rektor

Rutinar og reglar

- Etter skuletid:
Elevane et mat på sine klasserom med ein vaksen til stades.
Når dei har ete ferdig, blir dei henta av ein av tre vakter på SFO denne ettermiddagen.
Dei vaksne er tett på i leiken ute.
Barna skal rydde nokre leiker etter seg før dei går heim.
- Heildag onsdagar - tur dagar:
Barna skal vere på SFO minimum 08.30-13.30 for at vi skal kunne ha friheit til å gå på turar eller ha andre planlagde aktivitetar. Desse 5 timane er kjernetid på SFO onsdagane.
Dei vaksne har samling med borna før vi går på tur slik at barna veit kva vi skal og kva som er forventa.
Dei dagane vi er på SFO og har anna opplegg, vil det vere ein plan for dagen som blir presentert til barna på morgonen.

Tema gjennom året på SFO.

August

Bli kjent med kvarandre og SFO.

Frileik.

September

Bli kjent.

Bruke nærområdet til turar.

Oktober

Markere FN-dagen 24.10.

Formingsaktivitetar knytt til halloween.

November

Ulike aktivitetar inne og ute på SFO-området.

Advent og formingsaktivitetar mot jul.

Desember

Førebuingar til jul; forming, baking, lese, frileik og kos.

Januar

Vi feirar at sola kjem attende.

Uteaktivitetar med ski og aking i nærområdet.

Februar

Feire samefolkets dag, 6.februar.

Fastelaven; bake bollar.

Uteaktivitetar med ski og aking i nærområdet.

Mars

Markere vaffeldagen 25.mars.

Vi startar på påskeaktivitetar.

April

Tema: påske.

Mai

Tema: 17.mai. Bruke nærmiljøet.

Juni

Vi avsluttar SFO-året med mykje uteleik og aktivitetar.

Kontaktinformasjon:

SFO: 470 54 647

Meldingar kan sendast i appen.

Foreldre skriv inn beskjedar om henting og anna som gjeld SFO-tida i appen under «Tilstedeværelse»

Anita Hølmo, rektor: 481 57 063, anita.holmo@vaga.kommune.no